

Rype skogsfugltaksering i Nes/Vona 2021

I regi av Fjff vart det i september taksert i delar av ovanfornevnde områder. På Nes er dette for 8 året, 5 året for dei andre.

Takseringsområde og metode (sonetaksering) er samsvarande tidlegare år, men mindre km taksert. Området har store mengder sau, og av god grunn mtp sanking/ettersanking er det sein taksering, 03- 16. september.

Det har vore litt utfordring med tid og kapasitet dette året, og eit par av dei aktuelle dagane har tåka laga litt problem for gjennomføringa.

Metode:

Vi har 12 års erfaring med «sonetaksering» frå Gaularfjellet, og nyttar også denne metoden her. Takseringsresultata i våre områder, har godt samsvar med resultat frå vår landsdel. Taksering med hund er i hovudsak ideelt til lirype og orrfugl. Fjellrypa er vanskelegare å bestandsvurdere, men vert basert på tur/jaktmessig dekking av terrenget, sauesankarar, og andre.

Det har etter GPS-måling, vore gått 32 km, og med hund avsøkt 97 km på desse dagane.

Generelt:

Det er utfordringar knytta til vurdering av voksen rype vs kylling i denne tida, då kyllingane snart ha same storleik som dei voksne.

Under augusttaksering er det noko enklare å vurdere, då storleiksskilnaden er større. Skrattande steggar og oppflukt av heile kull, gjev sikrast vurderingar.

Kjennskapen til kullplassane/revirområde er etter mange år god, og ein finn normalt voksenpar/kull i nærleiken av desse områda.

Taksering 2021:

Det var knytta stor forventning til positiv utvikling til lirypa dette året, då vi på vår/forsommar tenkte klekkeforholda som optimale, mtp temperatur, næringstilgang og generelle verforhold.

Det vart svært tørt og varmt frå juni til september, utan at pr no kan seie kva innverknad dette har hatt. Ein fellesnevnar er at kyllingane er store og velutvikla. Dette er noko som tyder på at dei kyllingane vi ser, er i frå fyrste legging, og i lita grad omlagde kyllingar.

Det er også variantar av kullstorleikar dette året. Variasjonar frå par utan kylling, til fleire med 2-4 kyllingar, og nokre få med inntil 6-7 kyllingar. Det vert også dette året observert eksempel på samanslegne flokkar, med meir enn eit kull i flokken. Dette er noko uvanleg så tidleg, men kan forklarast med «flokktryggleik» då det gjerne heng rovfugl i luftrommet over i desse tilfella.

Det har vore lite orrfugl observert på dei «faste» plassane, men verforhold kan ha innverknad på dette.

Observasjoner

Lirype: 3 lirypepar utan kyllingar, dette i områder eg ofte ser rovfugl.

Lirype: 42 stk med kull av varierende storleik. + ein del enkeltfugl.

Fjellrype: Har brukt noko tid på søk etter desse før ordinær taksering, og observert det samme som sauesankarane, dvs små kull (2-4 kyllingar) og mindre antal kull observert. (òg nytta info frå turgåarar og sauesankinga)

Orrfugl :10 stk, derav 5 hanar, 2 høner,3 kylling.

Andre observasjoner

4 stk predatorstekne rypeegg (hakka hol). 4 stk rypekadaver. 3 heile skjelett, og dermed truleg rovfuglpredasjon.

Ørn: Stadige observasjonar og vanskeleg å ha rett antal, men ofte fleire på ein gong observert. Inntrykket er at ørneobservasjonar aukar.

Ravn: 11 stk

Anna rovfugl (falk/hauk) dessverre urovekkande auke i observasjonar av desse :9 stk.

Smågnagarar (lemmen/mus): ein forholdsvis jevn og god bestand dei siste 2 åra.

Hare: ikkje observert på taksering, og lite spor sist vinter.

Ein jevn bestand av småfugl i heile dalføret siste 2 åra.

Ikkje observert rev, men ein del ekskrement frå rev er observert. (pr 23.09.21 ein rev skoten på åtebua ved vinterparkeringa)

Berekna kyllingproduksjon 2021

Vi har for 2021 berekna ein kyllingproduksjon på ca 3,7 kyllingar per par. Dette viser ein maginal oppgang i høve **2020: 3,5 2019: 1,6, 2018 5,2 og 2017 4,1**
(3,3 kylling pr voksenpar er rekna som tilvekst lik null)

Takseringa, og observasjonar **pr no**, fortel om ein stabil stamfuglbestand i dalføret, sølv om vi hadde håpa at det dette året skulle vere relativt store kull, og etablering av nye kullplassar. Tilbakemeldingane frå folket som ferdast i området, sauesankarar, hjortejegerar, og turfolk, er ikkje så positive som tidlegare år. Men det har vore ein spesielt tørr og varm periode, og rypene har variert mykje på høgdelaget dei sit, og trykker godt i lyngen i på dei varmaste dagane.

Det er god kontroll på mår og røyskatt rundt Vonavatnet. Vi held fram uttak av predator med fellefangst av mår/røyskatt, og åtejakt/lokkejakt av rev. Kråke og ravn vert jevnleg felt.
(ta kontakt om du vil vere med på denne dugnaden)

Dette held fram, og vil forhåpentleg gje positive resultat framover. Men det vert observert mykje rovfugl, og predasjon frå desse utgjer nok utgjer nok betydeleg skade for hønsfuglane.

Jaktuttaket er minimalt, og langt under 15%, som forskarane tilrår som «ikkje skadeleg uttak»

Fjellrypa er vanskeleg å seie noko bestemt om, då vi ikkje fekk verforhold og kapasitet til å ha folk i høgfjellet under takseringa, men ein del terreng vart gått før ordinær taksering.

Grunna nevnde forhold, er det områder i dalen som ikkje er takserte. Dermed er det nok ein del ukjende faktorar, men likevel er det rimeleg å tru at bestandsutviklinga er ganske lik i dalføret, og resultatet, kan sjåast på som eit ca gjennomsnitt.

Områder rundt oss: Generelt er det meldt om ein middels oppgang i rypebestanden i sør-Norge, men rapportar viser fortsatt store lokale variasjonar. Takseringa vi hadde på Gaularfjellet i midten av august, viste ein litt større oppgang mtp kyllingproduksjon. Svært ujevn kullstorleik der òg, men at stamfuglen er i området, og om lag i samme mengde som i 2020.

Ein vesentleg skilnad i høve Gaularfjellet, er at vi over fleire år har observert lite rovfugl, og i år kun 2 stk, over 3 dagar,

Konklusjon: Vi tenker at vi har relativt likt bestandsestimat som for sist år, og det er ei god investering å forholde oss til svært avgrensa uttak, og innafor 15% regelen, der fokus vert sparing av stamfugl, med uttak av kyllingar. **Vi legg som tidlegare, opp til tilbakemelding og jaktrapportering kvar dag, slik at vi kan justere kvote opp/ned, om det skulle vise seg å verte andre observasjonar enn takseringa gav.**

Orrfugl: ser vi for lite av, og denne vert freda for 2021.

Grunnprisippet om å «så før ein haustar» og «hauste av eit overskot» er ein god leveregel.

FJFF: Jakttid og kvote 2021.

Jakta startar laurdag 18.09.

Stopp for vinterfredning 15.11 (eller ved nådd årskvote 10 Fjell/liryper).

Vi er ei foreining med ca 250 medlemar, og vektlegg likheitsprinsipp, dermed vil det verte tilgang på **2. stk dagskort pr medlem denne jaktperioden. Kortet gjev muligheit for å felle 2 ryper pr dag, derav maks 1 lirype. Alternativt 2 fjellryper. (Årskvote på terrenget er 10 fjell/liryper)**

Høgste antal ryper på dagskortet er altså **2 stk**, med ei fordeling som nevnt over.

Jaktkortsalg, og kontaktinfo: Rune Olsbø, 95817577

For Jaktutvalet Fjff,

Rune Olsbø